

Innspel frå Møsstrond bygdelag til Norsk Hydro og Vinje kommune

Planlagt pumpekraftverk mellom Møsvatn og Tinnsjøen

Innhald:

1. Krav om eiga konsekvensutgreiing for uvisse, samfunn og sosialøkonomi	3
2. Krav om eigen konsesjonsprosess i Vinje kommune	3
3. Kompensasjonsordningar og tiltak – fordelt på to fasar	4
Fase 1 – Før utbygging (uvissefase frå 25.09.2025)	4
Kvifor Møsstrond treng ei sosialøkonomisk KU spesielt	5
Fase 2 – Etter utbygging (driftsfase)	6
4. Avbøtande tiltak som skal gjelde både i uvisseperioden og i driftsperioden	7
Informasjon og dialog	7
Hydrologiske og tekniske tiltak	7
Miljøtiltak	7
5. Avslutning	8

Til: Norsk Hydro v/ Morten Johnsen

Vinje kommune v/kommunedirektør Jan Myrekrok

Møsstrond 11.12./2025

Møsstrond bygdelag representerer fastbuande, fritidsbusetnad, lokale næringsaktørar, grunneigarar, frivillige og andre brukarar av Møsstrond. Me har 134 medlemmer og 781 fylgjarar i Facebook-gruppa vår. Me ynskjer med dette å gje eit samla innspel til Hydros planar om pumpekraftverk mellom Møsvatn og Tinnsjøen.

2

Planane skaper stor uvisse for heile Møsstrond. Prosjektet vil føre med seg både kortsiktige og langsiktige konsekvensar for busetnad, næringsgrunnlag, naturverdiar og samfunnsutvikling. Det er derfor avgjerande at desse forholda blir belyste så tidleg som mogleg, og at dei råka partane blir sikra reell, føreseieleg og rettferdig kompensasjon.

Prinsipielt så vil me påpeike at Møsstrond bygdelag er heilt imot dette prosjektet, og at ingen avbøtande tiltak vil kompensere for ulempene fastbuande og grunneigarar/rettshavarar blir påførde ved innføring av eit regime med pumpekraftverk.

Møsstrond har gjennom generasjonar bore konsekvensane av kraftutbygging utan å få den støtta, tryggleiken eller kompensasjonen som burde fylgt med. Me har sett naturen vår bli regulert, vasstanden bli endra, ferdsselsårer forsvinne og levekåra bli påverka – utan at lokalsamfunnet fekk ei reell stemme eller tilstrekkeleg innsyn i prosessane.

Historia er velkjend og dokumentert:

Møsstrond har vore den tapande parten i alle tidlegare kraftutbyggingar.

Det har sett sine spor – i naturen, i busetnaden og i lokalsamfunnet si tiltru til storsamfunnet. Denne gongen står me framfor eit inngrep som potensielt kan påverke kvardagsliv, tryggleik, næringsgrunnlag og busetjing i ein endå større skala enn tidlegare. Derfor må prosessen denne gongen gjennomførast med ei heilt annan forståing, respekt og forplikting enn det som har vore praksis i fortida.

Lokalsamfunnet på Møsstrond er robuste, stolte og driftige menneske som har halde i gang busetjing og næring under forhold som ville gjort mange andre bygder avfolka for lenge sidan. Me bur ikkje her fordi det er enkelt – men fordi det er heimen vår.

Men ein heim kan ikkje oppretthaldast utan tryggleik, føreseielege tilhøve, tilgang til tenester og reelle høve til å leva eit liv med kvalitet og verdigheit.

1. Krav om eiga konsekvensutgreiing for uvisse, samfunn og sosialøkonomi

Det må gjennomførast ei eiga KU som vurderer korleis uvisse – både **før utbygging (2025–vedtak)** og **i driftsfasen** – påverkar:

- befolkningsutvikling og busetjing
- livskvalitet og tryggleik for fastbuande
- bruk av tenestetilbod, beredskap og infrastruktur
- eigedomsprisar og investeringsvilje
- attraktivitet for fritidsbustader
- næringsgrunnlag (turisme, jakt/fiske, transport, lokal handel)

3

KU må inkludere:

- verdsetjing av livskvalitet, tidskostnader og sosiale konsekvensar
- scenarioanalysar (både 0–5 år, 5–20 år og perspektiv for all framtid)
- involvering av lokalbefolkning og næringsaktørar under innsamling av data
- heilårsrisikoanalyse av isforhold, beredskap og ferdsel

Dette temaet er ikkje tilstrekkeleg behandla i dagens prosess-steg, men er i tråd med kommunen si forventning om tidleg vurdering av samfunnskonsekvensar.

2. Krav om eigen konsesjonsprosess i Vinje kommune

Me bed om at det blir stilt krav om eigen konsesjon i Vinje kommune, med vilkår som sikrar:

- lokale interesser og samfunnstryggleik
- bindande avbøtande tiltak og kompensasjonsordningar
- mekanismar for kontroll og tilsyn gjennom heile prosjektet si levetid
- kommunens høve til å stille vilkår som vernar busetjing og næringsliv

Dette er nødvendig for at lokalsamfunnet skal ha reell påverknad, og at konsekvensane for Møsstrond blir ivaretekne i tråd med lovverket.

3. Kompensasjonsordningar og tiltak – fordelt på to fasar

Fase 1 – Før utbygging (uvissefase frå 25.09.2025)

Denne perioden rammar Møsstrondsbygda hardt, fordi uvissa alt gjev merkbare negative effektar på drift, busetjing og livskvalitet.

Me krev derfor:

A. Årleg kompensasjon for uvisse

Til både fastbuande og næringsdrivande, basert på dokumentert belastning.

B. Næringsstøtte

støtte til:

- transport
- landbruk
- lokal handel
- turisme
- jakt og fiske

C. Gratis juridisk og økonomisk rådgjeving

Finansiert av utbyggjar.

D. Verdifallsgaranti

Utbyggjar eller staten er forplikta til å kjøpe eigedom og utstyr til marknadsverdi slik den var før prosjektet blei kjent, dersom eigar ynskjer dette.

E. KU for sosialøkonomiske effektar

1. Økonomiske effektar for lokalsamfunnet

- tap av næringsinntekter
- endra drift for turisme, jakt, fiske og handel
- auka driftskostnader
- redusert arbeidsgrunnlag
- påverknad på lokal tenestestruktur (skule, helse, veg, beredskap)
- endringar i eigedomsverdiar

2. Effektar på busetjing

- vil folk bli buande?
- blir det vanskelegare å rekruttere nye innbyggjarar?
- blir det mindre attraktivt å flytte hit?
- vil dette påverke skule, barnehage, heimetenester?

3. Effektar på kvardagsliv, livskvalitet og tryggleik

- utrygg ferdsel vinter og sommar
- sosial isolasjon ved usikker is
- stress/uvisse over lang tid
- dyrevelferd og landbruk
- påverknad på fritid, sosialt liv og helse
- uro for barn og eldre
- påverknad av støy, lys eller aktivitet

4. Effektar på fritidsbusetnad

- investeringar blir stoppa
- bruk av hytter blir endra
- omsetjingsverdi går ned
- redusert attraktivitet i marknaden

5. Effektar på lokale fellesskap og identitet

Ei sosialøkonomisk KU vurderer:

- kultur- og friluftstradisjonar
- lokalsamfunnet si berekraft
- kollektive møteplassar
- rammer for frivillig arbeid
- endra bruk av natur og vatn

Kvifor Møsstrond treng ei sosialøkonomisk KU spesielt

Fordi Møsstrond:

- er eit lite og sårbart fjellsamfunn
- har store veglause område, størstedelen av bygda sitt areal er veglaust
- er avhengig av is og vatn som infrastruktur
- har sterkt naturbasert næring og friluftsliv
- har stor del fritidsbustader
- opplever alt no svært høg uvisse

Ingen av desse tilhøva blir fanga opp i reine tekniske KU-ar.

Ei sosialøkonomisk KU er derfor **svært avgjerande** for at:

- konsekvensane for menneske blir synleggjorde
- kompensasjon kan bereknast rettferdig
- Hydro sitt ansvar blir tydeleg
- kommunen får grunnlag for å stille krav
- avbøtande tiltak blir tilpassa reelle behov

Fase 2 – Etter utbygging (driftsfase)

Startar ved kongeleg avgjerd om konsesjon.

A. Eingongserstatning for varig verdifall

På eigedomar og fritidsbustader.

Eingongserstatning for varig verdifall betyr at alle eigedomar som mister verdi, som fylgje av pumpekraftverket, får ei éin-gongs utbetaling som dekkjer:

- redusert marknadsverdi
- redusert bruksverdi
- varig endring i ferdsel, tryggleik og landskap
- svekka attraktivitet for busetjing og fritidsbruk

Dette må vera **ei pliktig ordning**, fullt finansiert av utbyggjar og knytt til uavhengig taksering.

B. Årleg kompensasjon for ulemper

Skal dekkje dei kontinuerlege, varige og praktiske konsekvensane av pumpekraftverket for både fastbuande, fritidsbrukarar og næringsdrivande. Kompensasjonen skal tilsvare den reelle belastninga i form av redusert tryggleik, uføreseieleg ferdsel, auka transportkostnader, tapt naturoppleving, redusert livskvalitet og påførde ekstraavgifter. Ordninga skal gjelde for heile kraftverket si levetid og skal regulerast årleg etter indeks.

C. Næringskompensasjon

Næringskompensasjon skal sikre at bedrifter, inklusive landbruk på Møsstrond, ikkje tapar økonomisk som fylgje av ulemper, redusert tryggleik, uføreseielege tilhøve, endra sesongbruk eller andre konsekvensar av pumpekraftverket. Ordninga skal omfatte både direkte inntektstap, auka driftskostnader, marknadsmessige tap, omstillingsbehov og kapitaltap. Kompensasjonen skal gjelde for heile kraftverket si levetid og bli regulert årleg.

D. Tryggleikstiltak

Tryggleikstiltak skal sikre stabil og føreseieleg ferdsel, beredskap og tenestetilgang på Møsstrond. Ordninga skal omfatte overvaking, is- og vasstandsvarsling, transportgaranti, oppgradert infrastruktur sommar og vinter, beredskap, forsikringsordningar og tiltak mot sosial isolasjon. Tryggleikstiltaka skal vera bindande, finansiert av utbyggjar og fylgje prosjektet i heile kraftverket si levetid.

E. Lokalt utviklingsfond

Hydro skal finansiere eit fond til:

- samfunnsutvikling
- infrastruktur
- næringsutvikling
- trivsel, kultur og møteplassar

F. Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skal sikre at tiltak, kompensasjonsordningar og hydrologiske rutinar fungerer etter intensjonen. Det skal etablerast eit uavhengig tilsyn, kontinuerlege målesystem for vasstand og isforhold, faste rapporteringsrutinar, årlege gjennomgangar med lokalsamfunnet, revisjon av kompensasjon, offentleggjing av alle data, samt sanksjonar ved avvik. Denne ordninga skal gjelde for heile kraftverket si levetid og skal vera bindande for Hydro.

7

4. Avbøtande tiltak som skal gjelde både i uvisseperioden og i driftsperioden

Informasjon og dialog

- Fast informasjonskanal (nettside, SMS, møtearenaer).
- Regelmessige folkemøte med Hydro, ØTB og kommunen.
- Tilgang til juridisk/økonomisk rådgjeving.

Hydrologiske og tekniske tiltak

- Avgrense raske endringar i vasstanden.
- Plan for stabil og upåverka islegging
- Kontinuerleg overvaking av heile Møsvatn.
- Automatisk varslingsystem til alle brukarar

Målingar tek til **desember 2025** og skal dekkje heile Møsvatn.

Miljøtiltak

- Vern av fiskebestand og naturmangfald, hindre spreiding frå Tinnsjøen.
- Reduksjon av erosjon.
- Full overvaking av vasskvalitet.

5. Avslutning

Me treng at utbyggjar og styresmakter innser fylgjande realitet:

Når eit lokalsamfunn er så direkte påverka av eit inngrep, må lokalsamfunnet vera den fyrste parten ein beskyttar – ikkje den fyrste ein skuvar til side.

Me krev at Hydro og storsamfunnet denne gongen tek eit tydeleg ansvar. Det krev meir enn gode ord; det krev bindande vilkår, reell medverknad og robuste tiltak som faktisk fungerer i praksis – ikkje berre på papiret. Det krev at ein anerkjenner at uvisse er ein kostnad, at tryggleik er ein menneskerett, og at busetjing i fjellområde ikkje kan reknast som sjølvsgagt.

Me bed om at alle avgjerdsmakter – frå Hydro til kommunale politikarar, NVE og nasjonale styresmakter – forstår at dette ikkje handlar om éi enkel bedrift eller éin enkel fritidsbustad. Dette handlar om eit av Noregs mest særeigne bygdesamfunn, eit fellesskap som har eksistert gjennom generasjonar i uminnelege tider, og som fortener å bli behandla med respekt, omtanke og vilje til å sikre framtida.

Møsstrond skal ikkje på nytt bli eit område der storsamfunnet hentar verdiar utan å syte for tryggleik og livskraft tilbake.

Me står ved eit vegskilje, og me forventar at denne prosessen markerer eit brot med fortida – og byrjinga på ein ny standard for korleis lokalsamfunn blir behandla i store energiutbyggingar.

Me håpar og forventar at utbyggjar, kommunen og nasjonale styresmakter ser verdien av å stå saman med lokalsamfunnet, ikkje mot det.

Møsstrond har bore nok åleine. No er tida komen for at omsynet til menneske, livskvalitet, tryggleik og framtidig busetjing skal stå like sterkt som omsynet til energi og industri.

Oppmodinga vår er klar:

La dette bli den gongen der Møsstrond endeleg blir behandla som ein likeverdig part, der lokalsamfunnet sine behov ikkje blir ofra – men tekne omsyn til, prioriterte og respekterte.

Me ser fram til ein ryddig og konstruktiv prosess, og forventar at desse krava blir innarbeidd i den vidare konsesjonsbehandlinga.

Med venleg helsing
Møsstrond bygdelag

Styret